

## KAPITTEL 3

# Kritikk og tolking

Sokneprest Hvoslefs brev frå 8. november 1852, som vart introdusert i førre kapittel, var berre det første av ei lang rekkje dokument som fortalde om dødsfalla i Kautokeino. Saka vart handsama i underretten, som var førsteinstans i rettssaker (no er det tingretten), deretter i Høgsterett, som avsa endeleg dom. I tillegg finst det eit stort arkivmateriale om kva som hadde føregått før opprøret, og om det som skjedde etterpå. Alt den 13. november kunne Hvoslef til dømes fortelje at det hadde vore roleg i Kautokeino dei siste dagane, men at det «ligesom [er] kastet et Sørgefjør» over staden.<sup>82</sup> Deltakarane i toget mot Kautokeino var førte bort, og snart skulle forhøyra av dei starte.

I dei meir enn 150 åra som har gått sidan dette skjedde, har dramaet i Kautokeino denne vinterdagen vorte gjenfortalt, dikta om, utforska og filmatisert – av historikarar, andre fagfolk og kunstnarar. Nils Gaups (f. 1955) film frå 2008, *Kautokeino-opprøret*, er den versjonen som i nyare tid har nådd lengst ut. Så veit vi vel alt om kva som var årsak til dei dramatiske hendingane, om kva kvar enkelt sa og gjorde, og om kva som skjedde med alle dei impliserte? Alt om kva hendinga direkte og indirekte førte til?

Vi veit mykje. Førre kapittel gjorde det likevel klart at det ikkje finst kjelder som kan gi innsyn i alt. Dei som finst, kan dessutan tolkast på fleire måtar, og tolkinga er avhengig av mange forhold som ikkje finst i kjeldene, men i historikaren sjølv: perspektiv, fantasi, kunnskap og dristigheit.<sup>83</sup> I meir indirekte forstand påverkar også historikarens eiga samtid fortolkinga, slik at vår eiga tids syn på til dømes minoritetar kan forme forståinga av denne hendinga. Derfor taler sjeldan kjelder for seg sjølve, og derfor kan vi aldri fortelje ting akkurat slik dei var. Ja, i ein forstand tek historikarar «alltid» feil sjølv om vi alltid prøver å få alt rett: Vi ser på kjeldene og tolkar dei ut frå vår eigen horisont og dei perspek-

<sup>82</sup> Mikkelsen og Pålstrud 1997: 124.

<sup>83</sup> T.d. Carr 1961.

tiva vi har. Gaups film, til dømes, har til forskjell frå dei eldste framstillingane av Kautokeino-opprøret eit tydeleg innanfråperspektiv— og det er samane vi får sympati med og forståing for.

Det er ikkje overraskande at det ikkje er full semje blant forskarar om korleis Kautokeino-opprøret skjedde, eller kva betyding det hadde. Mens somme legg stor vekt på den religiøse vekkinga, vil andre trekkje fram materielle årsaker. I tillegg ser vi eit generasjonsskilje som inneber at nye generasjonar av fagfolk, og ikkje berre historikarar, har tolka kjeldene annleis enn den førre generasjonen og gitt nye framstillingar av hendinga. Slik har forskarane og forfattarane forklart opprøret ulikt: Frå hemnlyst, fanatisme, sinnsforvirring og hemngjerrige enkeltpersonar har ein bevega seg over til tru og sosiale og økonomiske tilhøve – og særskilt den norske undertrykkinga av samane.<sup>84</sup> Det er i dette siste forholdet Nellejet Zorgdrager, som vi tidlegare har nemnt, har funne den djupaste forklaringa på hendinga: Undertrykkinga skapte motstand og la grunnlaget for kollektiv aksjon under ein leiarskap som identifiserte seg med Gud.<sup>85</sup>

Er det eit problem at det finst fleire tolkingar av ei sak? Tvert imot, i historiefagleg forstand er det heller ein del av grunnivinga for at historie er eit vitskapsfag. Hadde alt vore klart som dagen, hadde vi ikkje hatt bruk for historikarar, og hadde alle funne det same i kjeldene, hadde alle historier – som den om Kautokeino-opprøret – berre vore nødvendig å fortelje éin gong. I staden kjem det heile tida nye fagfolk som stiller nye spørsmål, finn nye kjelder, tolkar kjeldene annleis og skaper nye forteljingar.

Historikaren sjølv er altså ein heilt sentral part, som vi også har sett i dei føregåande kapitla. Det betyr ikkje at alle tolkingar er moglege. Like etter Kautokeino-opprøret, i 1853, braut Krim-krigen ut, og svenske styresmakter begynte å frykte for at Russland hadde anneksonsplanar i nord.<sup>86</sup> Hadde vi med det i tankane prøvd oss med å seie at Hvoslef var ein russisk spion som dikta opp overfallet for å skape strid mellom dei ulike folkegruppene i Finnmark slik at Russland skulle få høve til å annektere området, ville det nok snart vorte innvendt at dette var ei for fantasifull tolking utan rot i faktiske forhold.

<sup>84</sup> Zorgdrager 1997: 20–28.

<sup>85</sup> Zorgdrager 1997: 434–438.

<sup>86</sup> Eriksen og Niemi 1981: 29.

## Kjeldekritikk

Ranke ønskte som vist at historikarar skulle bruke originale kjelder. Kjeldene måtte studerast systematisk og grundig og samanliknast med kvarandre – og når det var gjort, kunne ein ut frå fakta rekonstruere fortida som ho var, og forstå fortida på sine eigne premissar. Sidan har historikarar sett opp mange andre mål for studiane sine, til dømes å forstå korleis kategoriar som kjønn, klasse, rase og identitet har vorte historisk konstruerte gjennom språket. Dette kjem vi nærare inn på i kapittel 8. Same kva formål vi har, treng vi kjeldekritikk – sjølv om betydinga av dei ulike delane av han vil variere med spørsmålet.

Vi innleier dette avsnittet med å presentere ei ny kjelde, nemleg eit utdrag av Høgsteretts rapport til kongen om dommen i februar 1854 – ein rapport som var påkravd i alle saker der det fall dødsdommar.<sup>87</sup> Saman med Hvoslefs brev skal vi bruke denne rapporten i framstillinga av kjeldekritikken. Då saka vart behandla i Høgsterett, omfatta tiltalen drap og mordbrann eller deltaking i ugjerningane. To av deltakarane hadde mista livet i tumultane. Saka mot dei andre vart først behandla i underretten før ho kom opp i Høgsterett. I underretten vart det gitt fem dødsdommar og fleire livstidsdommar, men Høgsterett innstilte til kongen at tre dødsdommar skulle omgjerast til livsvarig fengsel. Det skjedde, mens dei to andre mista livet på skafottet den 15. oktober 1854. Den delen vi har valt ut, handlar om «forspelet» til opptøyane, frå uroa starta i 1851 til dei tiltalte samla seg i eit opptog mot Kautokeino.

### *Høgsterett om dommen i Kautokeino-saka*

[...] Allerede for flere Aar siden begyndte hos de norske Lapper at røre sig et religiøst Liv, hvis første Frugt var Aflæggelse af nogle af de hos dem hyppigst forekommende Laster, nemlig Brændeviinstrafik og Reentyveri, men som efter Haanden hos de mer Opvakte gikk over til aandeligt Hovmod og Hykleri, hvorunder de med Trusler og Skjeldsord søgte at bringe dem, de ansaae for Vantroende til Omvendelse. At disse Omvendelsesforsøg af de Klogere og Dristigere blant dem benyttedes i egennyttige og bedragerske Øiemed, er heller ikke synderligt Tvivl underkastet.

<sup>87</sup> Høgsteretts brev: Norsk Retstidende No. 10, 6. mars 1854. Sjå også Mikkelsen og Pålstrud 1997: 304–311.

Paa Grund af de Forhold hvorunder dette Folk lever, har de blant dem herskende Begreber om Lov og Øvrighed været meget forvirrede, og det har især været vanskelig at bringe dem til at indsee, at den, der paa Embedsvegne optraadte kraftigen imod dem, handlede af høiere og renere Hensyn end Lyst til at skade eller fornærme dem.

Disse Forvildelser udartede i 1851 til grove Brud paa den offentlige Orden, navnlig Gudsbespottelse, Forstyrrelse af offentlig Gudstjeneste, og Forhaanelser samt Skjeldsord mod Embedsmænd i deres Embede, hvorfor 22 blev tiltalte og fældede til forskjellige Straffe, og deriblant 7 af de Angjældende for Høiesteret.

Denne Sag blev, for saa vidt angik 5 af de derunder Tiltalte, paakjendt af Høiesteret den 26de Mai 1852, og da de faldne Domme skulde exseqveres, men især da det viste sig, at de Tiltaltes Renner og øvrige Gods vilde blive medtaget til Dækkelse af de idømte Sagsomkostninger, reiste sig et fanatisk Had især mod Lensmanden, Bucht, der havde afløst den forrige uduelige, og paa Grund af deres Gjenstridighed og Vanart tildeels havde maattet gaae frem med Strenghed mot dem, ligesom han havde vidnet imod nogle af dem.

Ligesaa nærede de Uvilje mod Landhandleren i Kautokeino, Ruth, der skildres af sin Sjesørger som en god og fredsommelig Mand, men dog havde været nødt til, ved enkelte Leiligheder at bruge Magt mod dem, og ligeledes havde maattet vidne mod dem under Sagen.

De Indflydelsesrigere blandt dem søgte derfor ogsaa at udbrede den Anskuelse, at den afsagte Dom var uretfærdig og et Djævelens Verk, og da Nr. 6, Elen Aslaksdatter Skum, for at unddrage sig den hende ved denne Dom [...] tilfundne Straf af 1 ½ Aars Strafarbejde, flygtede til den af Hovedmændene under nærværende Sag beboede Finne- eller saa kaldte Reenby, hvor hun levede i Concubinats med en af Hovedmændene, Ole Aslaksen Somy, besluttede de at modsætte sig hendes Udleverelse, hvorfor de ogsaa tog Flugten med hende, da Lensmand Bucht indfandt sig for at paagribe hende, samt senere, da Johannes Mathiesen, 22de Vidne, indfandt sig, for paa Lensmandens Vegne at anholde hende, under Trusler negtede at udlevere hende, 'om der saa kom flere Tusinde', saa at Johannes maatte vende tilbage med uforrettet Sag.

Ytringen af denne slette og farlige Tilstand sporedes allerede Sommeren 1852, da Lapperne i Kautokeino vendte tilbage med sine Renner fra Søen, men det er ikke oplyst, at den fremtraadte som

Beslutning om at handle i Forening og med samlede Kræfter, førend samme Aars Høst, da Nr. 1, Aslak Jacobsen Hætta, og nr. 3, Aslak Pedersen Rist, m.fl. flyttede til den af Nr. 10, Aslak Olsen Sombye, beboede Finneby, og derefter deels selv, deels ved andre af de Angjældende, hvoriblandt Nr. 2, Lars Jacobsen Hætta, og førnævnte Ole Somby, var de Virksomste, ei alene ved Overtalelser og Trusler bevægede Flere til at flytte hen til samme By, men ogsaa voldelig anholde nogle [...] og ved Pidskning og anden Mishandling søgte at skræmme dem til at blive deres villige Redskaber. Denne Finneby ligger [...] omtrent en kort Dagsreise fra den saa kaldte Markedsplads i Kautokeino, ved hvilken Bucht og Ruth boede, og i hvis Nærhed Kirken og Prestegaarden ere beliggende [...].

Den 7de November 1852 Aften brød Toget op, bestaaende af 30 Personer, foruden 19 smaa Børn, men næppe over et halvt Snees voksne mandfolk, idet Nr. 1. Aslak Jacobsen, der var en af de fornemste Anførerne, gik om fra Telt til telt og samlede Beboerne til Opbrud, og truede paa Livet Enhver, som ei vilde følge, sigende, at ikke en Hund skulde blive tilbage.<sup>88</sup>

Vi ser at det blir gjort greie for bakgrunnen for saka og konflikten i området. Gjennom fleire år hadde det utvikla seg religiøse motsetningar mellom vakte samar og andre, og det vart blant anna bråk under fleire gudstenester. Dette resulterte i rettssaker og dommar, som skjerpa motsetningane. Ein av dei bøtelagde flykta for å sleppe unna straffa, og etter kvart var det fleire som slo seg saman i ein felles vinterby ei lita dagsreise frå Kautokeino. I den delen av kjelda som vi ikkje har teke med, følgjer eit forsøk på å klarleggje formålet med opptoget til Kautokeino – retten såg det som utvilsamt at formålet var å føre krig mot ubotferdige og vantro, og at dei som gjorde motstand, særleg Bucht og Ruth, skulle drept. Vidare blir det fortalt om korleis «hovudmennene» hadde fått dei andre med seg dels gjennom overtaling, dels med tvang, om kva som skjedde då toget nådde kyrkjestaden, kva rolle dei ulike deltakarane spela, og sjølv sagt om høgsterettsdommen.

Kan denne kjelda nyttast til å seie noko om bakgrunnen for Kautokeino-opprøret? Eller kan ho berre nyttast til å seie noko om Høgsteretts vurderingar og kva dommar som vart gitt? I klassisk kjeldekritikk, slik mellom andre Kristian Erslev utvikla han, er det vanleg å tale om å

<sup>88</sup> Avskrift etter Mikkelsen og Pålstrud 1997: 304–305.

bruke kjelder som leivningar eller beretningar for å understreke at kjelder kan nyttast på ulike måtar (sjå også kapittel 8).<sup>89</sup> Blir ei kjelde nytta som beretning, nyttar ein den informasjonen ho gir om ei bestemt sak – her om det vi har kalla forspelet til eller bakgrunnen for Kautokeino-opprøret. Blir ho nytta som leivning, kan ho til dømes inngå i Høgsteretts historie: Kjelda er ei handling som viser Høgsteretts praksis. La oss sjå nærare på dette skiljet og poenget med det.

### *Bruk som leivning og beretning*

Brevet frå Hvoslef, Høgsterettsrapporten, staurane opprørarane brukte til å slå med, og hovudskallane til dei to som vart halshogde etterpå, er restar eller *leivningar* frå det som skjedde. Men vi ser straks at det er forskjell på dei: Brevet og rapporten er språklege kjelder som fortel om opprøret, staurar og hovudskallar kan ikkje fortelje noko direkte om det som skjedde. Dei er døme på det som ofte blir omtalt som *stumme kjelder*: ting som ikkje er laga for å formidle meining, men som likevel ved sitt nærvær seier noko om ein gitt historisk situasjon eller ein bestemt person.

Etter Kautokeino-opprøret vart Aslak Jacobsen Hætta (1826–1854) og Mons Somby (1825–1854) dømde til døden og avretta ved halshogging. Hovudskallen til Somby vart oppbevart ved Anatomisk institutt i Oslo inntil 1997. Brukt som leivning kunne den ha gitt opphav til mange historiefaglege slutningar. Det at hovudskallen i det heile vart bevart ved Anatomisk institutt, viser at instituttet meinte hovudskallar, eller i det minste menneskelege beinrestar, var eit interessant forskings- og undervisningsobjekt i 1850-åra. Det kan vi få stadfesta ved å gå til andre kjelder.<sup>90</sup> På denne tida begynte dessutan interessa for å utforske moglege forskjellar mellom ulike folkegrupper å bli vekt, og sidan vi veit at Anatomisk institutt bytte Hættas hovudskalle mot to grønlandske skallar som Universitetet i København hadde i sitt eige, er det ikkje usannsynleg at slike interesser var til stades. Nærare undersøkingar av hovudskallane kunne kanskje ha gitt informasjon om helsetilstand og ernæring blant samane i Kautokeino i perioden før opprøret. Knut Kjeldstadli (f. 1948) seier at å bruke noko som *leivning* er å bruke kjelda som ein puslespelbit der historikaren søkjer å gjenskape det puslespelet

<sup>89</sup> Sjå Kjeldstadli 1999: 169–175.

<sup>90</sup> Persen 2007: 24–26, 40.

biten inngjekk i.<sup>91</sup> Hovudskallane til Hætta og Somby kunne ha vore brukte som to av mange puslebitar for å få kunnskap om livet i Kautokeino og forholdet mellom samane og storsamfunnet.

Hvoslefs brev og Høgsteretts rapport kan også brukast som bitar i «puslespelet Kautokeino-opprøret». La oss rette merksemda mot at Hvoslef skreiv brev: Kven var han som skreiv, og kvifor skreiv han? Brevet viser at Hvoslef tok ansvar for å underrette styresmaktene om det som hadde skjedd, og be om forsterkningar. Dette seier noko om den rolla han sjølv, som prest, hadde i Kautokeino. Måten han omtaler hendingane på, kan kanskje setje oss på sporet av Hvoslefs forhold til både gjerningsmennene og ofra for handlingane. Når vi ser etter slike ting, bruker vi brevet som ei leivning. Vi bruker det til å seie noko om Hvoslef og hans situasjon – ikkje dei konkrete hendingane han skreiv om.

Men brevet til Hvoslef og Høgsteretts rapport gir også heilt konkrete beskrivingar av kva som skjedde under og før opprøret: Hvoslef fortel om drapa, mens Høgsterett fortel om ei rekkje episodar som til saman skal ha utgjort bakgrunnen for toget mot Kautokeino: Det skjedde ei vekking, det skjedde brot på den offentlege ordenen allereie i 1851, dommane i den første saka skapte hat mot lensmannen, og så vidare. Slike beretningar kan brukast som skildringar av forspelet til Kautokeino-opprøret.

*Alle* kjelder kan altså brukast som leivningar, mens berre dei kjeldene som fortel noko om forhold utanfor seg sjølve, kan brukast som beretningar. Dei to hovudskallane kunne ha vorte brukte som leivningar, men ikkje som beretningar – mens derimot Hvoslefs brev og Høgsteretts rapport kan brukast både som leivning og som beretning: som kjelde til tankar, haldningar, verdiar og mentalitet i tida rundt opprøret og til personane som var involverte, eller til beretninga om kva som faktisk skjedde.

Hvoslefs brev og Høgsteretts rapport fortel altså om hendingane i Kautokeino den 8. november 1852. Så skulle vel alt vere greitt: vi har identifisert to beretningar om kva som skjedde, og då har vi vel også fått med oss hovudtrekka? Spørsmålet vil nok reise seg om beretninga står til truande. Det kan vi faktisk ikkje vite noko om før vi har vurdert kjelda som leivning: Kven er det som taler, kvifor blir det talt, på kva bakgrunn og kven blir det talt til? Var til dømes Hvoslef roleg og avba-

<sup>91</sup> Kjeldstadli 1999: 170–171.

lansert nok til å gjengi hendingsgangen korrekt då han skreiv? Kan det tenkjast han hadde personleg interesse av å framstille saka på ein spesiell måte? Kort sagt, kva er opphavssituasjonen til kjelda, korleis er forholdet mellom kjelda og det fortalde, og korleis kan vi vurdere kor påliteleg, gyldig og representativ ho er?

### *Opphavssituasjonen*

Å spørje etter opphavssituasjonen vil vere å spørje etter kven som har skapt ei kjelde, når, og under kva for tilhøve. Vi merker oss først ein interessant detalj med dateringa av Hvoslefs brev. Han begynte på det den 8. november, men avslutta det først den 10.<sup>92</sup> Det var mykje forvirring på staden, forståeleg nok, og vanskeleg med reinskyss, skriv han. Vi får inntrykk av at han ikkje kunne få brevet av garde tidlegare. Opphavssituasjonen gjer det nærliggjande å tru at Hvoslef skreiv i ein viss affekt, og at det kanskje kan ha påverka det han skreiv. Dette må vi ha med oss når vi vurderer innhaldet i brevet hans.

Høgsteretts rapport kan også daterast, og i prinsippet veit vi kven som har skapt han. Men kven er Høgsterett? Høgsterett er som kjent landets øvste domstol med siste ord i domssaker. Ein domstol skal vere upartisk og rettferdig. Samtidig er mandatet normativt: domstolen skal gi uttrykk for samfunnets normer om rett og gale. Ei slik norm var at ei valdshandling skulle gjengjeldast. Denne saka dreidde seg blant anna om drap, og om ei drapshandling var planlagd, skulle det føre til dødsstraff (straffelova av 1842). Høgsteretts tekst kan vi dermed ikkje lese som ein tekst skribenten står fritt til å utforme: Han tilhøyrer ein bestemt sjanger som krev ei utgreiing om saka, ei vurdering av skuld og ei straffeutmåling som står i forhold til brotsverket.

Tekstar kjem i ei rekkje ulike sjangrar, og til liks med dommen, ventar ein at til dømes stortingsmeldingar, lovtekstar, offisielle brev eller møtereferat held seg til visse reglar for korleis ein uttrykkjer seg i offisielle samanhenger. Det offisielle språket kan igjen skilje seg frå språkbruk i det offentlege rom: Ein politisk tale, til dømes kan innehalde andre retoriske verkemiddel enn ei stortingsmelding. I eit privat brev, ei dagbok som ikkje er meint for publisering, eller eit hemmelegstempla politisk dokument treng ein ikkje tenkje på kva som kan seiast offentleg – men historikaren må også vere merksam på at grensene for offentleg

<sup>92</sup> Zorgdrager 2004: 91.



tale ikkje er dei same til alle tider. Nokre av dei skildringane av samar som vi finn i rapporten frå Høgsterett, hadde ikkje vore innanfor grensene for korleis ein i dag kan omtale folkegrupper. Historikaren må med andre ord tenkje over kva som er særlege ved ein sjanger og korleis sjangeren er med på å bestemme forma og innhaldet av ei aktuell kjelde – og samstundes ha in mente korleis ein sjanter har endra seg over tid.

Rapporten frå Høgsterett skal altså mobilisere til forsvar for samfunnets normer om rett og gale. Då kan vi kanskje også vente at den har ein spesiell tendens? Med tendens tenkjer vi på til dømes konservativ eller radikal, sjåvinistisk, paternalistisk eller kulturpluralistisk, samfunnsbevarande eller revolusjonær. Ei nærlesing av kjelda viser at retten er prega på den eine sida av ei viss frykt, på den andre sida av eit bestemt syn på den samiske befolkninga: «Disse Angjældende [...] bære [...] følgelig den største Skyld for en i vore Tider exempelløs Forbrydelse, der er i høieste Grad farlig for Samfundet i Almindelighed, men især for hine tyndt befolkede, ved Øvrighedens Myndighed kun svagt beskyttede og af uciviliserede Mennesker beboede Egne.»<sup>93</sup> Høgsterett ser dermed ikkje på saka berre som ein enkeltstående valdsepisode, men som ei prinsipp sak som vedkjem heile samfunnet: Det er truga av dei usiviliserte tiltalte. Tendensen er – naturleg nok – samfunnsbevarande, men absolutt ikkje kulturpluralistisk. Dette har påverka måten Høgsterett uttaler seg på.

Vi har nemnt at samane vart forhøyrd om si deltaking i oppstanden. Kvar enkelt forklarte seg fleire gonger – og mange av dei endra forklaring undervegs. Vil vi bruke desse forklaringane, må vi spørje etter kva som skjer i eit rettslokale, og korleis nettopp denne opphavssituasjonen kan påverke det som blir sagt. Blir det talt «frå hjartet» eller tenkjer ein mest på korleis det ein seier, vil påverke straffeutmålinga? Ei anna sak er kva det betyr at den skriftlege dokumentasjonen vi har tilgjengeleg i akkurat denne saka, er på norsk, samtidig som vi veit at dei tiltalte forklarte seg på samisk. Det kan bety at meining har gått tapt i omsetjingsprosessen, men dette er det ikkje mogleg for oss å finne svar på i dag.

I bestemminga av opphavet til kjelda kan det også inngå ei vurdering av om kjelder er forfalskingar. Vi veit så mykje om begge våre kjelder og den samanhengen dei stod i, at vi kan vere sikre på at dei er ekte. Offentlege dokument frå 1800-talet byr sjeldan på problem i så måte. Juridiske dokument står likevel i ein viss tradisjon av forfalskingar: Det er mange

<sup>93</sup> Etter Mikkelsen og Pålrsrud 1997: 309.

eksempel frå mellomalderen og tidleg moderne tid på at nettopp juridiske dokument vart forfalska av både økonomiske og politiske grunnar for å skaffe institusjonar eller personar makt, privilegium og rettar.<sup>94</sup> Dette vil vi få høyre meir om i kapittel 8. I seinare periodar er ikkje forfalsking eit så aktuelt problem, men eit eksempel frå nyare politisk historie er den praksisen som vart følgd i Sovjetunionen med å retusjere bort uønskte personar frå fotografiar. Særleg Leonid Trotskij skal ha vorte gjenstand for omfattande retusjering– tanken var at ved å fjerne han frå bilete av sentrale leiarar, vart han også fjerna frå folks medvit som ein viktig leiar. I 1983 vart «Hitlers dagbok» forsøkt lansert som eit nytt og oppsiktsvekkjande kjeldefunn.<sup>95</sup>

«Alle» veit at Trotskij vart fjerna frå bilete; vitne har fortalt om det, og det finst teknikkar for å avsløre denne typen forfalskingar. Det tok heller ikkje lang tid før det vart konstatert at Hitlers dagbok var eit falsum – det er ikkje lett å presentere falskt for sant for eit kritisk og kunnskapsrikt publikum. For den som arbeider med mindre spektakulære personar og hendingar, er normalt heller ikkje forfalskingar eit problem. Vi vil likevel kaste inn ei lita åtvaring når det gjeld dei nye moglegheitene for manipulasjonar som internettpublisering gir.

### *Forholdet mellom kjelde og forteljar*

Lesarane av denne boka er overlatne til oss, forfattarane, på eitt sentralt punkt: Dei kjeldene vi gir att, er nettopp det, attgivingar eller *sekundære* kjelder. Har det noko å seie? Ei *primær kjelde* er det aller første *kjende* dokumentet, mens alle seinare attgivingar er sekundære. Men her er det viktig å vere merksam på at desse omgrepa kan ha ulikt innhald på ulike språk: I engelskspråkleg litteratur er primær og sekundær meir å samanlikne med vårt skilje mellom første- og andrehandskjelde (sjå nedanfor).<sup>96</sup> Historikarar la tradisjonelt stor meining i skiljet mellom primær og sekundær, ut frå tanken om at attgivingar kunne innehalde feil og forvanskingar – til og med forfalskingar. Det betyr ikkje at vi vik tilbake for å bruke sekundært materiale: Det er ein lang og veletablert tradisjon

<sup>94</sup> Sjå t.d. forteljinga om keisar Konstantins gåvebrev i Arnold 2000: 40. Også s. 66–67.

<sup>95</sup> Forskning.no: <http://www.forskning.no/artikler/2005/mai/1115717604.25>. [2.6.2010].

<sup>96</sup> Sjå t.d. Tosh 2010: 91–93.

for å produsere kjeldeutgåver for å gjere bestemte tekstar lettare tilgjengelege for forskning. *Diplomatarium Norvegicum*, som vi har nemnt tidlegare, er eit eksempel på det. Slike utgåver kan få status som autoriserte utgåver, og dei er sjølv sagt utruleg verdfulle fordi dei gir tilgang til tekstar som elles berre få ville kunne lese. Finn ein noko oppsiktsvekkjande nytt i ei sekundærkjelde, er det likevel grunn til å sjekke med originalen før ein publiserer funna sine. Vi finn Høgsteretts rapport – den første og primære – i Riksarkivet, mens den utgåva vi bruker, er henta frå ei kjeldesamling.

Skiljet mellom primær og sekundær var særleg viktig i den tida då måten å mangfaldiggjere eit dokument på var å skrive det av – slik vi kan førestelle oss at munkar sat i scriptoriet og skreiv av gamle tekstar i mellomalderen. I dag blir kjelder kopierte, skanna og fotograferte, slik at sekundære kjelder kan vere ei nøyaktig attgiving av den primære. Samtidig er det slik at dei nye måtane å publisere kjelder på gjennom Internett kan aktivisere spørsmålet om autentisitet på ein ny måte. I slike samanhengar må vi vurdere truverdet til den som publiserer ei kjelde – tommelfingerregelen er at eit veletablert arkiv eller bibliotek har større truverde enn ein privatperson – og vi må sjekke kva sjansar vi har til å kontrollere den samanhengen kjelda står i, før vi går god for henne.

Spørsmålet om ei kjelde er ei *første- eller andrehands* beretning, dreier seg om noko anna: Det har å gjere med *kor nær den som fortel stod saka eller hendinga*, og dermed kva forteljaren kunne vite om fenomenet det blir fortalt om. Den kjeldekritiske tesen har vore at di nærare forteljaren stod ei hending, di sikrare kunne han eller ho fortelje, og di nærare sanninga kunne ein komme – med andre ord *Rankes augevitne* (sjå kapittel 2). Er spørsmålet til vår høgsterettskjelde «kva skjeddde i Kautokeino denne bestemte natta?» – så har vi å gjere med ei andrehandsberetning som baserer seg på utsegner frå dei som opplevde natta: dei tiltalte sjølve, andre som var til stades, eller Hvoslef. Her ligg det eit problemområde for historikaren: I kva grad gjengir andrehandsberetninga førstehandsberetninga rett? Kom dei sentrale elementa med? H.C. Andersens eventyr om fjøra som vart til fem høner, kan tene som åtvaring: mykje kan ha skjedd på vegen. Men er spørsmålet derimot «kva meinte Høgsterett om saka?», så er rapporten ei førstehandskjelde, for ingen er nærare enn Høgsterett til å vite og formulere kva Høgsterett meinte. Kjelder er altså ikkje første- eller andrehands i seg sjølv: det kjem igjen an på spørsmålet.

### *Pålitelegheit, gyldigheit og representativitet*

Det å ha vore augevitne er sjølvsagt ikkje nokon garanti for at ein kan gi ei nøytral og påliteleg beskriving av eit fenomen. Sympatiar og anti-patiar kan verke inn på sjølve forståinga av det ein ser, og farge attgivinga. Utover det blir pålitelegheit ofte samanfatta i tre ord: *evne, vilje og moglegheit* til å gi truverdige framstillingar av ei sak. For ein økonomisk historikar kan det til dømes vere avgjerande å vite om råolje verkeleg var Noregs viktigaste eksportvare i 2006, med rundt 41 prosent av total eksportverdi. Men hadde den som gav opp desse tala, full oversikt over oljeeksporten? Ein demograf treng kanskje å vite kva for feilkjelder det finst til talet på døde i Noreg i 1809, som er 32 000. Kan nokon ha døydd utan at det har vorte registrert nokon stad? Dette er omtalt som det aller verste nødsåret under napoleonskrigane, men påstanden kviler på at vi er nokså sikre på talet på døde både i 1809 og i dei andre krigsåra.<sup>97</sup> Å undersøkje slike ting, så langt det lèt seg gjere, inngår i vurderinga av kor pålitelege kjeldene er – eller reliabiliteten deira – eit omgrep som oftast dukkar opp i samband med tal.

Vilje til sanning blir ofte trekt fram når det gjeld politiske kjelder – i politikken kan det jo stundom vere ønskeleg å pynte på sanninga. Dei hemmelege tenestene, på si side, kan kanskje ikkje gå ut med alle opplysningane dei måtte ha om ei bestemt sak. Dersom ein er ute etter å få stadfesta at noko har skjedd på ein bestemt måte, gjeld same rettesnor i historieforskinga som i journalistikken: éi kjelde er inga kjelde. For at vi skal rekne ei saksopplysing som påliteleg, bør ho vere stadfesta av fleire uavhengige kjelder – altså kjelder som ikkje byggjer på kvarandre. Høgsteretts rapport fortel om vekkinga blant samane i tida før hendinga i Kautokeino. Det finst ei rekkje vitnesbyrd om denne vekkinga i andre kjelder, og vi tviler derfor ikkje på denne opplysninga. Samtidig finst det eksempel på at denne rettesnora ikkje blir følgd, eller for den saks skuld kan følgjast. Ottars beretning, som vi omtalte i førre kapittel, har til dømes vorte flittig utnytta som kjelde både til norsk og til samisk historie, utan at ho nødvendigvis har tydeleg støtte i andre samtidige kjelder. Seinare kjelder, derimot, understøttar i alle fall delar av forteljninga, som at det budde samar i området nord for Malangen. Og uansett støtte i andre kjelder står det klart at dette er den første kjelda som omtaler

<sup>97</sup> Jacob Stenersen Worm-Müller. <http://virksommeord.uib.no/taler?id=1501>. [2.6.2010].

landet til nordmennene. Nettopp det treng ein ikkje fleire kjelder for å stadfeste, anna enn som negasjon: Andre kjelder omtaler ikkje landet til nordmennene.

Det andre omgrepet som gjerne dukkar opp saman med pålitelegheit, er *gyldigheit*, eller validiteten. Dersom vi eigentleg ikkje er så interesserte i tala, men det tala representerer – til dømes om forsynings-situasjonen i 1809 var så dårleg at folk svalt i hel – må vi forvise oss om at det er ein klar samanheng mellom forsynings-situasjon og mortalitet. Kanskje var det ikkje kornmangel, men ein smittsam sjukdom, heilt uavhengig av matmangel, som førte til høge dødstal? I så fall er mortalitet eit dårleg mål for forsynings-situasjonen. Dei opplysingane vi nyttar, må ganske enkelt seie noko om fenomenet vi studerer.

Eit tredje viktig omgrep er *representativitet*. Dreier undersøkinga seg om å finne den dominerande haldninga til innvandrarar i Noreg i tida 1970–2000, kan ein ikkje vente stor aksept for resultatet om den gruppa ein har intervjuet, alle er medlemmer av Framstegspartiet. Materialet ein nyttar, må representere den gruppa, det geografiske området eller den tida ein uttaler seg om, for at det skal vere representativt. Har ein til dømes undersøkt kva éi avis skriv om ei bestemt sak, kan ein ikkje påstå at ein formidlar «korleis media ser på saka». Dei kjeldene vi har sitert frå Kautokeino-saka, har som nemnt den slagsida at dei berre representerer makthavarane – ja, berre ein del av den gruppa også. Sjølv om den dominerande oppfatninga var i tråd med Høgsterett, fanst det andre røyster som til dømes talte for at alle dei fem dødsdommane måtte opphevast.<sup>98</sup> For forskaren betyr dette at han eller ho må gjere greie for graden av representativitet i eit funn. Det er heilt greitt å ta føre seg Framstegspartiet, éi avis eller sokneprest Hvoslef og Høgsterett, men det er viktig å vere medviten om kor langt funna rekk. Vi kan ikkje seie at dommen i Høgsterett representerte ein unison embetsmannsstand: Det finst også eksempel på usemje innanfor standen.

## Tolking

Dei kjeldekritiske vurderingane tener eit formål langt utover å vurdere truverde: Dei skal hjelpe oss å forstå kva kjelda faktisk seier om bestemte spørsmål. Kva var no til dømes bakgrunnen for Kautokeino-opprøret

<sup>98</sup> Mikkelsen og Pålstrud 1997: 316–321.

etter Høgsteretts meining, eller kva syn på samane kan vi lese ut av Høgsteretts beskriving? Ulike spørsmål krev ulike måtar å tolke, eller forstå, kjeldene på. Sebastian Olden-Jørgensen (f. 1964) skil mellom forskjellige *erkjenningsinteresser*,<sup>99</sup> mens vi vil tale om tolkningsnivå. Det første nivået er kva avsendaren av ein bodskap ville med han: Kva er den opne eller skjulte dagsordenen, moralsk, politisk, sosialt eller kulturelt? Sidan vi vanlegvis reknar med at ein avsendar sikta seg inn mot ei spesiell mottakargruppe, kan det å definere denne mottakargruppa vere viktig for å forstå kva kjelda faktisk seier. I tilknytning til det er det også aktuelt å vurdere korleis denne bodskapen vart motteken. Vil vi vite kva syn på samane som kjem til uttrykk i Høgsteretts beskriving, kan vi også ha interesse av å undersøkje kva forhold, verdiar og tankemønster som meir indirekte eller utilsikta kjem til uttrykk, eller om det er noko som slett ikkje blir sagt. Det usagde kan ha minst to forklaringar: Det kan ha vore så sjølv sagt at det ikkje trong noka nærare utdjuping, eller kjeldeskaparen ønskte kanskje å dekkje over ein eller annan detalj som ville forstyrre biletet. Eit siste punkt kan vere å vurdere verknadshistoria til ei kjelde, til dømes kva for konsekvensar ein dom hadde i ettertid. Då må vi gå langt utanfor den aktuelle kjelda og til korleis ho vart lesen og forstått i ettertid, av seinare generasjonar.

### *Språket og orda*

Det aller første spørsmålet er likevel om vi forstår språket – og dermed også skrifta. Arkiva er fulle av gode historier gøymde i vanskeleg handskrift, og det er ikkje utan grunn at mange historiske institusjonar tilbyr kurs i gotisk skrift. Når det gjeld 1800-talet, er ikkje avstanden så stor – men enkelte strever kanskje likevel med setningane til Høgsterett? Kjelda inneheld dessutan ord som ikkje er i vanleg bruk i dag – som at ei av dei involverte kvinnene levde i «Concubinat». Eit leksikon vil kunne fortelje at det betyr samliv mellom mann og kvinne som ikkje er gifte, og at det var straffbart i Noreg inntil 1972 – og nettopp leksikon og ordbøker er historikarane sine gode hjelparar, saman med øving i å lese handskrift. Til språkforståinga høyrer også at ord kan bety ulike ting i ulike kulturar, og dessutan kan endre meining – det kjem vi om litt tilbake til.

<sup>99</sup> Olden-Jørgensen 2001: 58–65.

## Bodskapen

Når vi spør etter kva ein avsendar ville med bodskapen sin, kjem vi inn i eit felt der sjangerforståing står sentralt. Vi har allereie sjangerplassert Høgsterettskjelda; ho er ei framstilling av den endelege dommen i Kautokeino-saka, med ei utgreiing, ei vurdering av skuld og utmåling av passande straff for kvar enkelt. Høgsterett skal kort sagt grunnegi sin dom i saka og overtyde om at han er rett.

Korleis byggjer så Høgsterett opp argumentasjonen sin? Vi legg for det første merke til orda som blir brukte: negativt ladde om dei tiltalte og positivt ladde om dei fornærma. Det er viktig å så tvil om moralen og dei personlege eigenskapane til dei tiltalte. Ord som «Hovmod og Hykleri», «Had», «Gjenstridighed» og «Vanart» blir brukte for å beskrive dei. Motsett dette står omgrepa som blir brukte om embetsmenn, lensmann og handelsmann, som handla av «høiere og renere Hensyn», eller var «en god og fredsommelig Mand». Det er forvirra og vonde personar som står mot dei kloke og gode.

Det er viktig for Høgsterett å vise at opprøret hadde vore i emning i fleire år og derfor uttrykkjer noko meir enn ein tilfeldig valdsepisode. Her kjem særleg oppbygginga av Høgsteretts grunngeving inn. Det blir ymta om ei oppviglarsk haldning heilt frå den religiøse vekkinga starta og dei vakte prøvde å omvende andre: «At disse Omvendelsesforsøg [...] benyttedes i egennyttige og bedragerske Øiemed, er heller ikke synderligt Tvivl underkastet». Deretter blir det trappa opp gjennom ordensforstyrningar i kyrkja og «Had» og opposisjon mot dommen som «Djævelens Verk». Ut frå dette oppstår den «slette og farlige Tilstand» som til slutt blir uttrykt i klartekst: «Beslutning om at handle i Forening og med samlede Kræfter». Opprørarane har handla etter ein plan, og mobiliseringa blir dramatisert med dei to replikkane som er gitt att i direkte tale: «om der saa kom flere Tusinde», og «ikke en Hund skulde blive tilbage».

Slik blir argumentasjonen bygd opp mot den uunngåelege konklusjonen: Dei tiltalte er skuldige. Øvrigheita stod makteslaus mot ein overtalig fiende som var driven av forvilling, vanart og hat. Samfunnet måtte derfor ta i bruk det yttarste maktmiddelet sitt mot leiarane.

Når vi har avdekt mønsteret i argumentasjonen, er det viktig å sjå han i samanheng med verdimønster og praksis i samtida. Vi må som nemnt vere merksame på at ord og uttrykk kan ha andre konnotasjonar enn dei har i dag. Kort sagt er det slik at 1) det same omgrepet kan ha ulik meining i ulike tidsperiodar eller geografiske område, og 2) ulike

omgrep som blir nytta i ulike tidsperiodar om «det same», er ikkje nødvendigvis «det same», men kan vise til heilt tidstypiske forståingar av fenomen. Begge tilfella understrekar kor viktig det er å *historisere* orda: å sjå dei i samanhengen med tida og omgivingane dei blir brukte i. Dette har historikarar alltid vore seg bevisste, men graden av bevisstheit har auka monaleg i den siste generasjonen. La oss til dømes sjå på ordet «lapp». I dag er det eit ikkje-ord som det er svært politisk ukorrekt å bruke. Då Høgsterett brukte det, var lapp derimot ei standardnemning på ei av dei etniske gruppene i Finnmark, og bruken av omgrepet var alminneleg, ikkje spesielt. Høgsterett stilte seg med andre ord ikkje utanfor det gode selskapet ved å bruke dette omgrepet, som ein domstol i dag ville gjort.

Men var det den gongen eit negativt ladd omgrep? Sende Høgsterett ut ein dom ikkje berre over dei tiltalte, men over samane? I det utdraget vi har gitt att, blir det talt om «de norske Lapper» og «dette Folk». Tilsikta eller ikkje fører slike utsegner tankane til samar generelt – og dette passar godt med den tendensen vi tidlegare meinte å finne i kjelda: Det er eit usivilisert folk som bur der oppe i nord. Saka får ein ekstra dimensjon utover å straffe eit brotsverk. Det dreier seg om å verne samfunnet og norsk øvrigheit i det som vart oppfatta som landets periferi.

### *Mottakinga*

Når vi skal finne ut kva ei kjelde seier, foreslår Olden-Jørgensen at vi bør vere merksame på bruken av *topos*: faste formuleringar som er henta frå eit tidstypisk referanseunivers.<sup>100</sup> Samtidig kan vi gjennom topos identifisere mottakarane, dei kjeldeskaparen først og fremst vende seg til. Slike mottakarar blir nokre gonger omtalte som «modellmottakarar» – dei som sit inne med dei kulturelle kodane som gjer at dei kan forstå ein bodskap slik han var tilsikta.<sup>101</sup> Dermed ser vi at ein tekst kan ta farge nettopp av den mottakargruppa kjeldeprodusenten har i tankane: Framstillingar av bestemte fenomen får meining for mottakarane gjennom referansar til felles kulturelle kodar og konsept – som til dømes «embetsmenn», «sivilisasjon», «lov og øvrigheit» eller «lapp».

Inntil 1900-talet var Bibelen den kanskje mest brukte referansen for mange skriftprodusentar, sidan Bibelen var noko «alle» kjende og for-

<sup>100</sup> Olden-Jørgensen 2001: 60–61.

<sup>101</sup> Asdal et al. 2008: 41–42.



stod meininga med. I Høgsteretts rapport merker vi oss at den første negative karakteristikken av samane var at den religiøse vekkinga gjekk over i hovmod og hykleri. Hovmod er den første av dei sju dødssyndene i den katolske kyrkja; det er motsatsen til audmjukskapen som viser det sanne kristne sinnelaget. Hykleri slo Jesus tallause gonger ned på, til dømes i dispuuttane med farisearane som vi kan lese om i evangeliet etter Matteus. Stilt saman maner dei to orda fram eit inntrykk av falske kristne som tener seg sjølv under dekke av å tene Gud. Meininga er å utelukke at dei tiltalte vart drivne fram av religiøse førestellingar – dei har brukt religionen, ikkje vore religiøse.

Bibelen er sjølv sagt ikkje det einaste referanseuniverset vi vil møte i historiske kjelder: Det kan vere latinske skrifter, renessansekunst eller kanskje kommunistisk sjargong. Tenk berre på ordet «kamerat»: Det kan lesast som «venn», og bruken av det peiker då i retning av privat-sfæren. Men kameraten kan også vere ein forbundsfelle i arbeidarrørsla, og då peiker det ut mot (den store) fellesskapen av revolusjonære «kameratar».

Frå dagleglivet finn vi fleire døme på at ulike mottakarar av ein bestemt bodskap vil kunne oppfatte han på svært forskjellige måtar. Mens ein lovnad om skattelette for somme peiker i retning av eit samfunn med større individuell fridom og avgrensing av statens virkefelt, vil andre setje ordet i samband med auka sosial urettvise og nedbygging av fellesgode. Då kan det vere nyttig å prøve å definere mottakargruppa: Bli det talt til dei som ein vil tru'er for skattelette, eller til dei som tvert om vil mobilisere mot ei slik reform? Dersom mottakarane ikkje forstår desse orda på same måte som avsendaren, kan bodskapen få ei anna meining enn avsendaren ønskte. Når det gjeld Høgsteretts rapport, er det interessant at han som nemnt faktisk ikkje vart motteken på same måte av alle lesarane – sjølv ikkje av alle i den tilsikta lesekrinsen. Biskopen i Tromsø amt og soknepresten i Kåfjord i Finnmark meinte begge at alle dei fem dødsdømte skulle benådest.<sup>102</sup> Dei var ikkje usamde i beskrivinga av gjerninga, heller ikkje i at gjerningsmennene stod utanfor sivilisasjonen og mangla omgrep om samfunnsordenen. Men dei hadde personleg vore i kontakt med både Hætta og Somby mens dei sat fengsla – og var overtydde om at dei to vart drivne til ugjerningane av djup religiøs tru og ei overtyding om at handlingane deira var rette og rettferdige for Gud, slik dei også forklarte seg under rettsforhøyra. Biskopen og

<sup>102</sup> Mikkelsen og Pålserud 1997: 317–321.

soknepresten i Kåfjord hadde ei anna referanseramme enn retten, bygd på personleg kjennskap, og dermed tolka dei motiva til gjerningsmennene på ein annan måte.

Avsendaren av ein bodskap har altså ikkje kontroll med korleis han blir lesen – og kanskje går han ikkje eingong heilt heim hos modellmottakarane. Då er det lett å tenkje seg at samane ville ha lese Høgsteretts rapport heilt annleis enn modellmottakarane, og også annleis enn biskopen og presten i Kåfjord gjorde. På same måte kan han lesast annleis i dag enn for 150 år sidan. Det betyr også at tekstar kan lesast *uavhengig* av intensjonen til dei som produserte dei, noko som er eit viktig poeng innan den diskursanalytiske tradisjonen som vi tek opp i kapittel 4.

### *Indirekte, utilsikta, usagt*

Etter å ha lese kjelda på leiting etter bodskapen sit vi altså igjen med eit inntrykk av at samane er eit ubeherska og usivilisert naturfolk som lever etter ein helt annan logikk enn andre innbyggjarar i Noreg. Nokre år før Kautokeino-opprøret starta ei vekking som førte til hovmod og hykleri og hat mot presten, lensmannen og handelsmannen i Kautokeino. Under leiing av dei mest villfarne vart det planlagt eit angrep på kyrkjestaden for å omvende og drepe. Dei som vart angripne, hadde inga skuld for det som skjedde; den måtte berast av deltakarane i toget mot Kautokeino. Men sjølv om vi kan lese alt dette, er det påfallande kor mykje denne rapporten frå Høgsterett teier om. Kva hadde det til dømes å seie at samane vart dømde til å dekkje sakskostnadene for den første saka med sine «Rener og øvrige Gods»? Skulle dei faktisk bli fråtekne levebrødet? Det vart heller ikkje sagt noko om kvifor den førre lensmannen var udugeleg. Ovanfor har vi sett at kjennskap kan ha stor innverknad på korleis saker og personar blir oppfatta – og hadde nemninga «udugelig» å gjere med at den førre lensmannen sjølv var samisk og hadde meir forståing for haldningane og handlingane til samane enn det lensmann Bucht hadde?

Vi kan seie at det usagde samlar seg i avsnittet midt i utdraget: «Ligeså nærrede de Uvilje mod Landhandleren i Kautokeino, Ruth, der skildres af sin Sjelesørger som en god og fredssommelig Mand.» Her ville ein vente ei forklaring på korleis det då kunne ha seg at deltakarane i toget mot Kautokeino nærte slik uvilje mot han – kva slags forhold var det eigentleg dei hadde til landhandlaren? I staden får vi berre ei generell forsikring om Ruths plettfrie karakter. Her er det på sin plass å lese kjel-

dene «mot håra» (sjå førre kapittel): vi aner at det i denne utsegna kan liggje informasjon som faktisk er mindre fordelaktig for Ruth.

Å vere merksam på det usagde kan altså opne auga våre for forhold det kan vere verdt å undersøkje nærare. Vi finn ikkje svara i denne kjelda, men vi kan undersøkje om det finst andre opplysingar som kan kaste lys over dei. Til dømes måtte ein handelsmann på denne tida ha løyve frå Finansdepartementet for å drive handel, og det kan finnast kjelder som klarlegg handelsverksemda. Rapporten frå Høgsterett startar jo med å seie at vekkinga hadde ført til at brennevinstrafikken forsvann, men om Ruth likevel framleis handla med brennevin, kunne det vere eit tema som skapte konflikt. I andre kjelder kan vi finne ut av om han gjorde nettopp det.<sup>103</sup>

Ein kombinasjon av det indirekte og det usagde finn vi i omtalen av embetsmennene i denne kjelda. Dei tiltalte hadde ikkje forstått at embetsmennene handla ut frå høgare og reinare omsyn når dei fór «kraftigen» fram mot samane. For det første viser dette til ein berande idé i statsstyret: at embetsmennene handla i klok ueigennytte, at dei underordna var fåkunnige, og at det var nødvendig å halde dei underordna fast på sin plass. Dette utbroderer kjelda sidan i klartekst, når det blir sagt at dei tiltalte har nært idear som dei hadde til felles med «den laveste Klasse i Samfundet over en stor Deel af den civiliserede Verden» som streva etter «endog med Vold og Magt at nedbryde alle de naturlige Skranker mellem sig og de høiere Staaende, og derved fremtvinge en Lighed, som vilde tilintetgjøre al Civilisation.»<sup>104</sup> Saka dreier seg altså ikkje berre om dei tiltalte samane, men om ei opprørsk underklasse. Det var ikkje så lenge sidan det europeiske revolusjonsåret 1848, og den norske avleggjaren, Thrane-rørsla, hadde nettopp vorte splitta opp av styresmaktene.<sup>105</sup> Men for det andre er det usagt kva kraftig framferd eigentleg innebar. Vi kan derfor bli nyfikne på korleis embetsmennene hadde behandla samane. Vi kan finne spor i andre kjelder: «Jeg løftet stokken og slo til», fortalde ein av dei som hadde besøkt Kautokeino i 1851, og «jeg gav ham to dygtige Ørefigen i forbigaaende».<sup>106</sup>

Leitinga etter det indirekte og usagde stadfestar den budskapen vi har lese i kjelda, men trekkjer også inn andre sider av saka – som at

<sup>103</sup> Zorgdrager 1997: 153–158 og 170–181.

<sup>104</sup> Mikkelsen og Pålstrud 1997: 309.

<sup>105</sup> Sjå Pryser 1990: 322–338.

<sup>106</sup> Mikkelsen og Pålstrud 1997: 24–25.

Høgsterett må ha sett det som si oppgåve å forsvare heile den vestlege «sivilisasjonen». Samtidig viser nærlesinga av kjelda kva det i nettopp denne perioden var mogleg å seie offentleg. Det var til dømes mogleg å tale om «Lapper» og «lavere Klasser» som usiviliserte. At Høgsterett ikkje ser ut til å ha hatt problem med å gi til kjenne at embetsstanden tedde seg «kraftigen» overfor samane, talar for at det var embetsstandens privilegium å gjere det – og at dei som las rettens grunngeving, ville dele den oppfatninga.

### *Verknader*

Vi kan til slutt interessere oss for verknadshistoria til ein tekst: Kva har han hatt å seie? Det er ikkje alle tekstar som verkeleg har verka, har endra samfunnet eller menneska sitt syn på ting – vi kan vel seie at dei færraste tekstar, isolert sett, har gjort det. Men la oss tenkje på ein tekst som har rørt og prega svært mange menneske, Martin Luther Kings «I Have a Dream»-tale i Washington DC i 1963. Talen var eit retorisk meisterverk, og han vart eit referansepunkt for alle som kjempa mot raseskiljepolitikken. Han verka og påverka – og blir framleis brukt i dag. Vi kan likevel ikkje isolere teksten frå tilhøva som så å seie omgav han. Talen vart halden under ein borgarrettsmarsj til Washington DC som samla fleire hundre tusen deltakarar. Den amerikanske presidenten og borgarrettsforkjemparane var aktive. Talen var del av ein større heilskap – han kom til å symbolisere rørsla og krafta i denne heilskapen – og det var forholdet mellom teksten, marsjen og heile borgarrettsrørsla som gjorde at han fekk slik innverknad på sjølve raseskiljepolitikken.

Tilbake til vår kjelde frå Høgsterett. Ein dom har svært så konkret resultat, i dette tilfellet spente det frå dødsstraff til kortare eller lengre fengselsstraffer. Dommen medførte også at tre av dei som underretten hadde dømt til døden, vart benåda. Sett i forhold til underrettens dom var søknaden om benåding det nye. Dermed kunne vi kanskje isolere verknadshistoria til benådinga? Det er to innvendingar mot det: Det var også Høgsterett som valde å behalde dødsstraffa for dei to andre. Der nest vart Høgsteretts rapport gjord offentleg kjend. Han kunne dermed prege oppfatninga av kva som hadde skjedd. Slik sett verka han også utover domsresultatet. Eit eksempel på det kan vi finne i den danske nordlysforskaren Sophus Tromholts forteljing om opprøret, som vart skriven 30 år etter at det skjedde. Han skreiv at han hadde teke omsyn ikkje berre til Høgsteretts rapport, men til alle nedteikningar og til

«Samtidiges Erindring». At «vår» kjelde likevel kan ha vore svært viktig, ser vi av at han summerer opp bakgrunnen for saka omtrent på same måte som Høgsterett og endar med noko som liknar eit sitat om at samane ikkje skjønnte at dei som på embetets vegner var hardhendte mot dei, gjorde det av reinare og høgare omsyn enn lyst til å skade og fornærme dei.<sup>107</sup> Det er ingen tvil om at Høgsteretts eigen rapport sette tonen i Tromholts forteljing – og rettens vurderingar fekk såleis nytt liv ved å bli gjentekne for nye generasjonar.

Det kan også vere interessant å vurdere kva Kautokeino-opprøret, måten det vart handtert på i retten, og reportasjane om opprøret i offentlegheita seinare, kan ha hatt å seie for forholdet mellom samar og nordmenn, nyfrelste og statskyrkje, Kautokeino og andre samiske samfunn – og for korleis samane såg på seg sjølv og den norske staten. Tromholt er interessant også i så måte. Han skriv nemleg at «den ubønhørlige og fortjente Haardhed» som styresmaktene hadde straffa deltakarane med, slo ned som eit lyn i heile befolkninga. «[E]ndnu i vore dage gyser man, naar man tænker paa hin frygtelige Novemberdag og Drabsmændenes sørgelige Skæbne.»<sup>108</sup> Det var hendinga og dommen som til saman verka i Kautokeino-samfunnet – og truleg bidrog begge – hendinga og forteljinga om hendinga – til at filmskaparen Gaup, som vart fødd i 1955, kunne seie at i hans barndom kunne det ikkje talast ope om opprøret.

## Kva gjer historikaren? Etikk og historieforsking

Når vi historikarar arbeider med fortida og kjelder frå fortida, står vi heile tida overfor menneske – så vel levande som døde. Akkurat som spørsmålet om korleis historikarar gjer seg nytte av arbeida til andre forskarar, er eit spørsmål om etikk og ærlegdom (sjå kapittel 7), er etiske omsyn viktige i arbeidet med kjelder frå fortida. Historikarar lagar historie. Det stiller krav. Til dømes gjorde den engelske historikaren E.P. Thompson det til ein dyd å stå på god fot med dei døde og å gjenreise den verdigheita han meinte historiske framstillingar ofte tok frå vanlege folk (sjå også kapittel 8). Eit krav om å vise same respekt for dei døde som for dei levande, betyr sjølv sagt ikkje at historikarar ikkje skal skrive

<sup>107</sup> Tromholt 1885: 377.

<sup>108</sup> Tromholt 1885: 377.

kritisk om menneske frå fortida. Men dei skal takast på alvor, og dei skal ikkje tilleggjast motiv og eigenskapar det ikkje finst noko belegg for å tillegge dei.

Etiske omsyn kan komme inn også på ein annan måte, nemleg ved val av forskningstema og kjelder – for kan vi som historikarar skrive om kva som helst, eller skal vi ta omsyn til at ei sak kan ha personlege, politiske eller juridiske implikasjonar i dag? Til at menneske som levde for 200 eller 400 år sidan, også har krav på å behalde nokre løyndommar? Ein kan skrive om kva som helst, men ein kan ikkje skrive kva som helst – og dette er ikkje heilt overlate til dei vurderingane den enkelte gjer. Når det gjeld nolevande personar og personar som kan ha barn og barnebarn i live, finst det offentlege reglar og retningslinjer. Personvernet og lover og reglar om personopplysingar gjeld i all forskning. Arkiv har klare reglar for bruk av personsensitivt kjeldemateriale som til dømes folketeljingar, adopsjonsprotokollar eller pasientjournalar, materiale som er klausulert i inntil 100 år. Det skal svært gode faglege grunnar til for å få tilgang til slikt materiale, og har ein søkt og fått tilgang, må ein også signere ein teielovnad og bekrefte at materialet ikkje skal brukast på måtar som bryt med personvernet. Det er heller ikkje lov å bruke informasjon ein finn i slike kjelder som utgangspunkt for å ta kontakt med enkeltpersonar. Vidare finst det reglar om oppretting av personrelaterte databasar, om oppbevaring av slike og om oppbevaring av intervjumateriale.<sup>109</sup> Det å måtte gå vegen om til dømes Riksarkivaren for å få tilgang til forskingsmateriale kan verke som eit irriterande tidsspille, men for dei fleste vil det oppvegast av tryggleiken i at ikkje all informasjon som det offentlege i hundrevis av år har samla om enkeltpersonar, flyt fritt omkring i samfunnet.

Skulle det då gjere nokon skade om ein historikar skreiv at Hans Hansen gjennomgjekk fleire medisinske behandlingar for ein i 1920-åra unemneleg sjukdom, at Petra Persen adopterte bort tre utanomekteska-pelege barn, eller om han i detalj gjorde greie for Karl Karlsens løpebane som NS-medlem? I utgangspunktet har vi den grunnhaldninga at historikarar bør la folk få behalde løyndommene sine. Dersom Hansen, Persen og Karlsen aldri har stått i det offentlege lyset, men har agert som privatpersonar, er det prinsipielt rett å la dei bli verande utanfor offentlegheita. Saka er likevel at vi ikkje heilt kan skilje mellom det viktige og det etiske. Dersom vårt ærend er å drøfte kvifor nokre barn vart adop-

<sup>109</sup> Sjå <http://www.nsd.uib.no/personvern/lovverk/>. [2.6.2010].

tivbarn, kan det tenkjast at det er viktig å få fortalt om Persens adopsjonar. Normalt vil det likevel ikkje vere påkravd å identifisere kvinna med namn og fødselsår, og Persen beheld anonymiteten.

Diskusjonane om det er etisk rett å utlevere informasjon om enkeltpersonar som ein må rekne med dei sjølve helst ville halde skjult, har vore særleg intense når det gjeld politisk betente spørsmål – som kven som var medlemmer av NS – eller, særleg i biografiske studiar, om meir pikante detaljar som ein persons seksuelle åtferd. Igjen ser vi ingen grunn til at historikaren skal fungere som dyneløftar utan at det har vidare grunngeving: Det må finnast gode *faglege* grunnar for å publisere informasjon om namngitte personar dersom dei sjølve har strevd for å halde han skjult. Men det kan også hende at NS-medlemmen stod for det politiske valet sitt, og ikkje treng å bli «verna» av ein historikar. Det etisk rette kan altså ikkje setjast på formel; det må avgjerast frå sak til sak. Derfor er den sentrale budskapet når det gjeld personrelatert informasjon, at vi historikarar sjølv sagt må følgje dei retningslinjene som gjeld for slikt materiale, men dessutan kontinuerleg vurdere dei etiske sidene ved kva vi skriv om, og korleis vi skriv. Når media viser til «allmenne omsyn» eller at folk har «krav på å få vite», er ikkje dette godt nok innanfor forskinga: Historikarar må vurdere frå sak til sak det etisk rette i å behandle betente eller personlege spørsmål som også inneber ei form for utlevering av tankane og handlingane til menneske som ikkje lenger kan forsvare seg.

\*\*\*

Historikarar veit svært mykje om fortida, om det som må ha skjedd, og det som kan ha skjedd – ja, også om mange ting som kunne ha skjedd, men ikkje gjorde det. Mykje av det som skjedde i Kautokeino i november 1852, er kjent, like så korleis Høgsterett dømde, og korleis retten grunn gav dommen sin. Men det er ingen som presist kan vite kva deltakarane tenkte, kva som leidde kvar enkelt av dei, eller korleis dei såg på sluttresultatet. Å skulle fortelje historia akkurat slik ho skjedde, heilt sant, er ikkje mogleg. Historikarar flest deler likevel eit ønske om å fortelje historia så sant som mogleg: Historiske framstillingar må vere saklege, reielege, truverdige og godt underbygde tolkingar av fortida – og den grunnforskninga historikarar driv, skal byggje på empiriske studiar der restane frå fortida og ikkje minst fortidas menneske er behandla med kunnskap og respekt.

I dette arbeidet er det uvurderleg å vere grundig og nøyaktig, og sjølv

om det kan vere komplisert å etterleve kravet om at alt relevant kjelde-  
materiale skal studerast, er det å velje kjelder ein heilt sentral del av fors-  
kingsprosessen. Det er også det å prøve eigne tolkingar mot andre syn  
– og dermed må historikarar kjenne til kva andre forskarar har gjort. I  
alle fall er det slik at historiske tolkingar, om dei får noka utbreiing, all-  
tid vil bli granska av andre forskarar. Det resulterer ikkje nødvendigvis  
i intersubjektiv semje, men om ein definerer kva usemja står om, er det  
mogleg å kritisere og diskutere dei ulike tolkingane. Nettopp denne kri-  
tikken, denne diskusjonen, er ein umisteleg del av den historiske fors-  
kingsprosessen og dei historiske forteljingane. Då kan ein også forstå  
betre korleis det kan ha seg at ei hending som til dømes Kautokeino-  
opprøret gjennom meir enn 150 år har vorte forstått ulikt og er tillagd  
ulik betyding.